



Årsmelding 2024

Rosendal Samfunnshus SA

Innhald

- Innleiing
- Mål
- Luteigarar
- Oversikt over aktivitet
- Drift av huset
- Dugnad
- Styret sine kommentarer

Innleiing

Rosendal Samfunnshus SA (Samvirkeleg) er eigd og vert drive av lag og organisasjonar. Årsmøtet er høgste styringsorgan. Årsmøtet vel eit styre til å stå for drifta av huset.

Huset har eit areal på ca. 1600 kvm. netto. Arealet er fordelt på sal, scene, vestibyle, kjøkenavdeling, møterom, kontor, c-garderobe, kjellaretasje (utleigd til Rosendal Trim), teknisk rom og lagerrom for ein del faste brukarar.

Mål

I vedtektene for huset pkt 2 står fylgjande:

- 1) Føremålet med samvirkeleglaget er å drive Rosendal Samfunnshus på ein slik måte at det er ope for alle kulturelle og lovlege føremål.
- 2) Rosendal Samfunnshus har ikkje næringsdrift som føremål.
- 3) Ingen skal verta hindra i å leiga Rosendal Samfunnshus på grunn av religiøst eller politisk syn eller av andre grunnar som vil vera i strid med dei krav til toleranse samfunnet set.

Luteigarar slik det tradisjonen tru har vert satt opp i årsmeldinga.

Lag/Organisasjonar	Luter	Prosent	Uts. Til årsmøtet
Rosendal Turnlag	1737	59,8%	5
Rosendal Musikklag	505	17,4%	3
Rosendal Skulekorps	375	12,9%	2
Rosendal Helselag	186	6,4%	1
Rosendal Songlag	80	2,8%	1
Kvinnherad Senioruniversitet	10	0,35%	1
Rosendal og Omlag Båtlag	10	0,35%	1
Totalt	2903	100%	14

Aktivitetar

Faste leigetakarar/aktivitetar:

Rosendal Turnlag:

Lagerrom, 025, 042, 043 og 214 – årsleige kr 12.000,-.

Desse romma inneheld utstyr og arkiv for laget sine aktivitetar.

Klubbrom 128 vert brukt til lag- og gruppermøter, o.l. Årsleige kr 10.500,-

- Fotballskule
- Aktivitetsavslutningar i vestibyle og festsal.
- Sonesamlingar
- TINE-Fotballskule
- Møter/kurs - R-208
- Kretssamlingar



Rosendal Trim (undergruppe av Rosendal Turnlag):

Leiger kjellaretasje til trimsenter (220 kvm).

Lokala inneheld trimrom, garderobar og lagerrom.

Leige kr 6500,- brutto pr. måned. Leiga vart satt ned frå kr 8000,- i 2016 då Rosendal Trim hadde svak økonomi. Leigen vart auka til kr 8.500, frå 01.12.2024.

Samfunnshuset dekkar straum og vatn.

Rosendal Musikklag:

Leiger fast rom 111 og 202 til kontor og lager. Årsleige kr. 7000,-

Laget har øvingane i huset, kr 440,- pr. øving.

I tillegg har musikklaget helgeseminar, konsertar, matiné og styremøte på huset.

Rosendal Skulekorps:

Leiger fast rom 112 + kjellarrom til lager. Årsleige kr. 5.500,-.

Laget har øvingane i huset, kr 440,- pr. øving.

I tillegg har dei helgeseminar, konsertar og loppemarknad.

Rosendal Helselag:

Laget nyttar rom 208 eller stova oppe til sine faste styremøte. Saman med Seimfoss Helselag har dei trimgruppe for eldre. Dei legg til rette for babytreff på torsdagar. Dei har eit skåp til utstyr på trappeavsats i bakgang, leige kr 860,- pr år. I tillegg leiger dei huset til andre møter og haustbasar.

Rosendal Songlag:

Øvingar på samfunnshuset tysdager 1900-2130, kr 440,- pr øving.

Dei leiger skap i andre høgda for kr 860 pr. år.

Kvinnherad Senioruniversitet:

Leiger festsalen til møte 2 gonger kvart halvår. Dei leiger skåp til lager i 2 høgda for kr 860 pr. år. Dei lånar ut teleslyngeanlegget sitt til dei som treng det.



Kvinnherad Kommune:

Kommunen leiger rom 208, foaje og festsal til møter.

Dei leiger heile huset til massevaksinasjon.

Malmanger skule og Rosendal ungdomskule har juleavslutning, juleball, foreldremøter, avgangsfest og framsyningar på huset.

Tilfeldige aktivitetar:

-Seminar/konferansar/messer.

Andre lag og organisasjonar:

Rosendal og Omland Båtlag held årsmøtet sitt på rom 208.

Skeishagen Velforening held årsmøte på rom 208

Rosendal Bygdelag held årsmøte på samfunnshuset i foajeèn.

Fri Kultur Kvinnherad: Jazzfestivalen Vestafor.

Rosendal Kammermusikkfestival: Konsertar og føredrag.

Sunnhordland Kammerorkester: Konsert.

Rosendal Kultur: Konsertar og utleige av scenemudular.

Privatpersonar:

-Dåp/Navnedag

-Konfirmasjonar

-Bryllup

-Fødselsdager

-Slektstemne

-Minnestund

-Gravferd

Drift av huset i 2024

Vi leiger ut lokale til luteigarar med faste eller tilfeldige aktivitetar og arrangement, og til andre lag, organisasjonar og private for tilfeldige møter og arrangement. Det er ikkje skjenke- eller serveringsløyve tilknytta huset.

Leigetakarar som ønskjer mat i samband med møter og arrangement ordnar dette sjølve.



TOMA Facility, har fast vask i Samfunnshuset. Dei har måndag/tysdag som fast vaskedag og vaskar festsal, scene, vestibyle, publikumsgarderobe og toaletter. Tilleggsvask i andre høgd og trapperom vert gjort etter avtale. Vask etter utleige er inkludert i leigeprisen. Dei gjer ein fin jobb, men vaskar ikkje alt. Vindauge, glassflater, flekker på møbler, lysbrytere, sprut på vegg og støv i kriker og kroker er ikkje med i vaskeavtalen.

Leigetaker kostar golva etter seg, ryddar boss og kastar dette i container ved rådhuset.

Internkontroll: Styret går faste rundar der vi ser til rømmingsvegar og syter for at alt er i orden slik at det vert trygg og sikker bruk av utstyr og inventar på heile huset. KIS har årleg veritasgodkjenning av scene, amfi og lysrigg, Kvinnherad Energi og Kvinnherad Elektro har tilsyn på el.anlegg. Petol har overtatt den årlege godkjenningen av sløkjeutstyr.

Dugnad

Dugnad

Huset er framleis drive på dugnad.

Det er eit mål at det alltid skal vera ryddig og reint – då er det også lett for leigetakar å vite kor fint dei skal rydde etter seg. Det hoper seg fort opp om vi ikkje heile tida går og rydder.

Det er viktig å halde utstyret som bord stolar, kjøkenutstyr og teknisk utstyr i orden. Elles vert det følgefeil. Ein stol som manglar knott under skrapar opp golv og scenegolv – ei revne i sceneteppa vert fort større.

Det kallast inn til dugnad på bygda ein til to gonger pr år for å gjere større jobbar og få unna litt. Det er ikkje lett å få deltakarar på dugnadar og i 2024 var det ein vår-dugnad der vi fekk gjort ein liten del av arbeidet som sto på gjere-lista.

Styreleiar og kasserar har dei mest tidkrevande jobbane i styret.

Det er Trygve og Kristin som elles gjer alt praktisk vedlikehaldsarbeid på huset. Tobias og Sebastian hjelper til ved tekniske spørsmål til nettverk og scene. Kristin er SoMe ansvarleg på facebook og kommunen si Friskus side.



Oppgaver som tek tid er:

Sjå til sikkerhet og drift: brannanlegg, rømningsvegar, lys, el.tilsyn, ventilasjon, røyr, slukar og nedløp ute og inne vert sjekka ein gong i veka i tillegg til ved behov.

Sjå til hygiene: kloring av kjøkengolv etter bruk, klesvask, duk vask (levering og henting) reinhald av kjøken og barområde. Toalett – ekstra vask ved behov.
Rydding og oppteljing av utstyr. Ting forsvinn.
Snømåking og strøing er ein ganske stor jobb.
Vatning av blomar ute og inne
Reingjering rundt hus, i 2024 også kosting av p plass då kommunen sin børstebil eller andre børstebilar ikkje fungerte dette året.
Utleiger med informasjon, klargjering og rydding etterpå.
Besvare spørsmål om alt mogleg på mail, sms, messenger og telefon.

Det har i 2024 vore gjort minst 700 timar dugnadsarbeid.

Lista over oppgaver er ikkje uttømmende då det er så mange oppgaver som heile tida må gjerast.

I 2024 vart det sett opp gjerde rundt inngangspartiet om sumaren for å hindre måkeungar å stå inne i inngangspartiet og skite området ned. Det har vore ein suksess, og det har spart oss for fleire titals timar med spyling.



Styret sine kommentarer

Styret for 2024 har vore:

Trygve Braathen Torjusen
Tor Øystein Havnerås
Martha Skeie Olsen
Rolf Lothe
Gunn Marit Flatland
Kjell Ove Underhaug
Karl Øyvind Kristiansen
Synnøve Brattetveit

Leiar
Nestleiar
Kasserar
Styremedlem
Skrivar
1. Vara med fast møteplikt.
2. Vara.
3. Vara

Det har vore 2 styremøte i 2024.

Dei faste leigetakarane har hatt sine øvingar på huset heile året. Kvinnherad Kommune brukte huset til vaksinerings og møteverksemd. Vi har hatt 5 utleige til private markeringar som bryllup, namnedag og minnestund.

Songkoret Stordabuen har hatt helgeseminarer på huset.

Det har vore arrangert jaktmesse med godt besøk i mars og Omvikdalen bondekvinnelag arrangerte Strikk på Dalen i mars.

Det har vore utleige til Russearrangement.

Helselaget saman med Kvinnherad Kommune arrangerte kurs for ungdomskuleelevar og foreldre med tema ernæring.

Frivilligsentralen hadde 25.09.24 middag for 90 påmeldte i samband med eldredagen. Det var tale av ordførar og underhaldning.

Det har vore utleige til Kammermusikkfestival, konsert med både den nystarta jazzfestivalen Vestafor og Sunnhordland kammerorkester sin haustkonsert.

Det har vore boklansering i regi av NROF.

I 2024 bytta vi ventilasjonsanlegg til underetasjen, dette gav monaleg betre luftkvalitet i Rosendal Trim. Det har vore litt utfordringar med oversvømmelse etter feilmontert pumpe og vansker med temperaturstyring, men TECA har vore raske med å rette opp feil.

17. mai arrangementet var også i år på samfunnshuset. 17. mai nemda betalar ikkje for dette.

Det vert fortløpande kjøpt inn nytt utstyr som erstattar ledningar og koplingar som forsvinn frå scenen og kjøkkenreiskap og utstyr som forsvinn frå kjøkenet. Vi har fått ordnet de tre defekte låsene og bytta dei tre siste låsene som var på gammelt nøkkelsystem med samfunnshuset sitt nye system.



Vi har returnert de to kassene med Lul Krag-bilder som har stått på samfunnshuset siden 1982. Kristin Bonnevie som representerte arvingene var svært fornøyd med å få bildene tilbake.

Vi har motteke midlar frå Sparebank1-stiftinga Kvinnherad hausten 2024 på kr 220.000,- utbetring av lys og lyd på scenen. Dette arbeidet er utsett til vår 2025.

Vi fekk godkjent søknad om spelemidlar, og vi fekk tildelt kr 400.000,- i 2024. Spelemiddelsøknaden er på kr 1.401.000,- Kvinnherad Kommune har forskottert 685.000,- i 2022, men har ikkje betalt ut søknadsbeløp for 2024.

Styret i Rosendal Samfunnshus
Rosendal 10.03.2025

Trygve B. Torjusen(sign.)
Styreleiar

Tor Øystein Havnerås (sign.)
Nestleiar

Martha Skeie Olsen (sign.)
Rekneskapsansvarleg

Rolf Lothe (sign.)
Styremedlem

Gunn Marit Flatland (sign.)
Styremedlem